

Frilyndte bondeanarkistar og puritansk reaksjon i *Vestmannen* i Volda 1887–1889



Roy Krøvel
Proferssor i journalistikk, Høgskolen
i Oslo og Akershus
roy.krovel@hioa.no

I denne artikkelen set eg søkjelys på ein litt annleis religiøs minoritet: ei gruppe fritenkjarar, bondeanarkistar, for ein stor del ateistar, i bygda Volda i 1880-åra. Desse kvinnene og mennene var inspirerte av nye tankar i vitenskap, kunst og kultur, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt, og utfordra kyrkje og embetsmenn i lokalt styre og stell. Med avisa *Vestmannen* laga dei seg ei plattform for kritisk diskusjon om vitenskap, religion, litteratur, målsak, skule og utdanning, men også for antikapitalisme og internasjonal solidaritet. Det er ikkje til å undrast over at puritanske og konservative krefter mobiliserte til motstand, gjennom brev til bladstyret, kritikk på offentlege møter, disiplinering gjennom sosial stigmatisering og ved å motverke at «dei frilyndte» fekk ledige postar på skulane i distriktet.

Artikkelen byggjer på ein fullstendig gjennomgang av alle artiklar publisert i *Vestmannen* frå 1887 til 1889, i tillegg til andre tekstar som Anders Hovden, Anders Vassbotn, Rasmus Steinsvik og Ola Rotevatn fekk publisert i *Fedraheimen*, Den 17de Mai og enkelte stader elles.

Eg vil bruke døme frå *Vestmannen* til å presentere striden, men ynskjer også å knyte døma til litteratur som dei på den tida las på målskulen i Volda, og som dei refererte til i avisene. Denne litteraturen kan dermed gjere det enklare for oss i vår tid å forstå tenkjemåten deira. Linjene her går til Arne Garborg, Peter



Anders Hovden (1860–1943), prest og forfattar.

Kropotkin, Leo Tolstoj, Karl Marx, Friedrich Nietzsche og Albert Parsons.

Ved fyrste augekast kan det sjå ut som dei frilyndte tapte striden då Synnøve Riste døydde i 1889, og Rasmus Steinsvik og P.M. Gjærder stakk frå bygda, men ein nærare analyse viser at mange av tankane og ideane slo igjennom med stor kraft i løpet av få år.

Bakgrunn og litteratur

Synnøve Riste, som tok initiativet til å starte *Vestmannen*, var fødd Aarflot. Faren Rasmus Aarflot var bonde, lensmann og stortingsmann, medan oldefaren

Sivert dreiv trykkeri på Ekset i Volda (Grepstad, 2006; Øyehaug, 1995). Slekta Aarflot hadde altså ein lang bokleg tradisjon – ikkje minst kunne Synnøve rekne med ei viss hjelp då dei starta opp avisa. Per Riste var lærar, kyrkjesongar, gardbrukar og målmann frå Sande, som gifta seg med Synnøve Aarflot og fekk kjøpt eit gardsbruk nedst på Rotset i Volda (Høydal 1995). Der starta Synnøve og Per målskule saman med den litt yngre venen Rasmus Steinsvik (Gausemel 1937). På målskulen studerte dei mellom anna omsette tekstar frå radikale tenkjarar og aktivistar i fagrørslar, som dei så diskuterte i fellesskap – slik vart mange nye tankar førte til bygda.

Men det var ikkje fyrste gongen at revolusjonære idear kom til bygda. Gausemel fortel i biografien sin om Rasmus Steinsvik at foreldra heime på garden i Dalsfjorden heldt det radikale målbladet Fedraheimen, der Arne Garborg var redaktør og seinare fast skribent (Gausemel, 1937).

Garborg hadde på reiser i Europa vorte stadig meir radikal, inspirert av anarkistar og andre frilyndte revolusjonære. Rolf Thesen meinte at det aldri har funnest ein meir ihuga antikapitalist i Noreg enn nettopp Arne Garborg (Thesen, 1933). Det må ha vore forteljingar som kveikte hugen åt den unge Rasmus, for det tok ikkje mange åra før også han erklærte seg som anarko-kommunist.

Volda var på slutten av 1880-åra ei skulebygd med eit gryande organisasjonsliv. Mykje var organisert av småbønder for å stimulere til samarbeid om kvalitet i jordbruket, men det fanst også skyttarlag, boklag, diskusjonsklubb og anna der småbønder, lærarar og statlege tenestemenn møttest for å samarbeide eller diskutere viktige spørsmål i tida, slik som allmenn stemmerett, parlamentarisme, kvinners stemmerett, vitskap, skulepolitikk, målsak osv. Det var spesielt ungdomar frå relativt små gardar som reiste ut for å studere på folkehøgskular, lærarskular eller teologiske seminar, som stod tok initiativ til å bygge mange av dei lokale organisasjonane. Ein av dei som markerte

seg, var Anders Vassbotn, som reiste ut for å gå på folkehøgskulen i Hornindal men sende heim fyldige tekstar om det han lærte om agronomiske spørsmål, til lokalavisa. Anders Hovden var ein annan. Han studerte teologi, men deltok like fullt i den lokale debatten. Begge desse to vart seinare kjende diktarar, men hadde allereie på slutten av 1880-åra skarpe pennar. Ein tredje var Ola Rotevatn, som skreiv fargerike skildringar frå fiskeriet langs kysten og seinare frå livet som emigrant i Sør-Afrika. P.M. Gjærder lyt også nemnast. Gjærder hadde studert det nye trykkeriet til Bergens Tidende gjennom vindaugnet frå gata. Då striden i Volda spissa seg til, og Vestmannen ikkje lenger fekk bruke trykkeriet på Ekset, bygde Gjærder like godt eit eige trykkeri med hjelp frå den lokale smeden og sønene hans (Krokvik, 1987; O. Riste, 1970). Desse deltok alle på mange vis i både målskulen på Riste-garden og som skribentar i Vestmannen. Dessutan var dei aktive i det lokale laget av radikale Venstre, i tillegg til boklag, diskusjonsklubb og skyttarlag.

Radikaliseringa av dei unge i Volda skaut fart etter kvart som fleire vart vekte for målsaka. Språkstriden gav gjenklang i bygda – dei unge ville uttrykke seg på sitt eige språk, utan å kjenne seg som mindre verde av den grunn. I møte med høgare utdanning og styresmakter i ymse samanhengar hadde dei røynt kor mykje makt som låg i språket. Den som alltid laut uttrykke seg på ein annan sitt språk, ville alltid vere i ein underlegen posisjon. Difor var språkstriden frå tidleg av lada med opprør mot autoritetar.

Den største autoriteten, den svenske kongen, vart også råka av dette opprøret. Kampen for sjølvstende frå unionen med Sverige vart ført på mange måtar i avisa, mellom anna gjennom kritiske artiklar om kongens pengebruk og servile norske politikarar. Også kampen for allmenn stemmerett var med på å radikalisere ungdomen, særleg etter at «kaninane» i Venstre hadde svikta. Kretsen rundt Vestmannen gjekk då over til å stø det radikale venstre.

«På målskulen studerte dei mellom anna omsette tekstar frå radikale tenkjarar og aktivistar i fagrørslar»

Men inspirasjonen kom også frå utlandet. Gjennom Fedraheimen og meldingar der frå internasjonale arbeidrarblad fylgde kretsen i Volda godt med på framveksten av arbeidarrørsla både i Noreg og elles i verda. Olaus Fjørtoft frå Haram hadde allereie i 1870-åra omsett tekstar av Karl Marx til nynorsk (Risnes, 1985), men det var fyrst og fremst frilyndte kommunistar som fanga hugen til Vestmannen. Rasmus Steinsvik og dei andre kunne nok kjenne samkjensle med arbeidarane sin kamp på dei industristadane som vaks fram, men sjølve hørde dei ikkje til noka arbeidarklasse. Dei var småbønder, lærarar, skribentar og intellektuelle. Klaus Langen har i doktorgradsavhandlinga si om Ivar Mortensson-Egnund, som vart ein nær ven av Steinsvik og andre i kretsen, hevda at dei norske bondeanarkistane kunne kjenne seg igjen i anarkisten Tolstojs idylliske grender av frie småbønder. Det var ikkje slik at dei romaniserte livet i grendene dei vaks opp i, men dei kunne sjå eit potensial, noko som kunne minne om eit likeverdige fellesskap med rom for individuell kreativitet. Samstundes var dei opptekne av natur, miljø, biologi, skogdrift, husdyr og så vidare. Samspelet mellom menneske og natur spela ei viktig rolle i stykka dei publiserte. Difor er det heller ikkje til å undrast over at anarko-kommunisten Peter Kropotkin fekk mykje å seie med framstillinga si av læra til Darwin. For Kropotkin var det ikkje *konkurransen for å overleve* som var det avgjerande aspektet ved evolusjonen, men heller evna til å *samarbeide*. Mennesket var kreativt skapande, men også samhandlande i fellesskap (Kropotkin, 2007). Førstillingar om fellesskap spela alltid ei viktig rolle i analysane i Vestmannen.

Ei anna sak gjorde også inntrykk på bondeanarkistane akkurat på denne tida: dødsdommane mot og avrettingane av dei syndikalistiske og anarko-kommunistiske fagforeiningsleiarane i Chicago (Messer-Kruse, 2011). Saka starta med ein eksplosjon i samband med eit demonstrasjonstog i 1886 og gjekk deretter parallelt med oppstartinga av Vestmannen fram til avrettingane av fire leiarar i november 1887. Det var

desse hendingane i Chicago som førte til at 1. mai vart ein internasjonal kampdag. Også denne saka medverka til at radikalismen i Vestmannen kom frå den antiautoritære leiren i arbeidarrørsla, den som la like stor vekt på individuell fridom som på fellesskap og samarbeid.

Om me dreg linjene fram til Kristofer Uppdals tibandsverk *Dansen gjennom skuggeheimen* om framveksten av den norske arbeidarklassen, ser me nokre interessante parallellar. Men der Uppdal i *Røysingfolket* (Uppdal, 1990) skildrar fritt-tenkjande storbønder i Trøndelag i kontrast til gudfryktige og puritanske småbønder, var det nettopp småbøndene i Volda som var mest fritt-tenkjande.

*«Det var desse hendingane i Chicago
som førte til at 1. mai vart ein
internasjonal kampdag»*

Arne Garborg har seinare analysert den puritanske bylgja som skylde over delar av Vestlandet på denne tida. Han legg avgjerande vekt på framveksten av kapitalismen, som førte til kri-

setid og krisestemming i bygdene. Puritanismen må slik sett sjåast som ein reaksjon på den veldige omskiftinga, hamskiftet, som samfunnet gjekk gjennom – med overgang frå embetsmannsstat til gryande folkestyre, bohemske opprør i kunst og litteratur, marknad og konkurranse vert ein del av kvardagen for bøndene, med konkurs og oppkjøp som resultat for mange, omfattande migrasjon til industriarbeidsplassane i byene osv. Poenget her er ikkje om Garborg hadde rett i sin analyse, men at det var denne analysen som også forma og ramma inn diskursen til *Vestmannen* då striden blussa opp i Volda.

Metode

Denne presentasjonen bygger på eit større prosjekt som i 2014 fekk stønad frå Rådet for anvendt medieforskning (RAM). I dette prosjektet skal eg studere radikal nynorsk journalistikk frå 1887 til ca. 1914 i fire aviser: Vestmannen, Fedraheimen, 17de Mai og bladet Samhald, som var medlemsblad for ungdomslaget i

Åmdalen i Ørsta¹.

I den vidare framstillinga har eg valt nokre døme på viktige stridstema som illustrerer korleis debatten gjekk føre seg. Eg har gruppert døma i fire kategoriar: «Vitskap mot overtru», «Kristendom», «Kvinnekamp» og «Opplysning og framgang».

Vitskap mot overtru

Eit stykke frå seinhausten 1887 gir oss ein peikepinn på ei gryande konflikt som inneheldt element av både strid om vitskap og generasjonsskilje. Stykket er ikkje signert, men har tittelen «Vinteren er aa segja komen» («Vinteren er aa segja komen», 1887). Skribenten ler av gamlefolket som brukte å sveltefore dyra i fjøset om vinteren. Det er ei moderne tid, no, og me veit at kyr lyt ha nok mat. Kyr er «som ein kjemisk fabrikk», forklarar skribenten, med eit moderne bilete som må ha vore noko utanom det vanlege på den tida. Det er tydeleg at skribenten vil forbetre fjøsdrifta for å betre liva til både dyr og gardfolk, men i vegen står djupt forankra overtru.

Det finst ei rad slike stykke som illustrerer tyrst etter ny kunnskap som kan gjere liva til småbøndene betre. Utdanning spelar ei viktig rolle i spaltene til Vestmannen. Anders Vassbotn, som gjekk folkehøgskule i Horndalen, skreiv utførlege referat om det dei hadde lært om agronomi, skogbruk og andre naturfag på folkehøgskulen (Botnen, 1889). Dei strevar, men det

.....
1 Denne delen av undersøkinga er gjort på tradisjonelt hermeneutisk vis – eg har lese alle artiklane

som vart publiserte i Vestmannen. I løpet av lesinga har eg plukka ut ein stad mellom 400 og 500 relevante artiklar som eg har katalogisert med tittel, forfattar, dato og stikkord. Dei utplukka artiklane handlar alle, på ein eller fleire måtar, om dei religiøse aspekta i striden mellom dei frilynde og den puritanske reaksjonen. Det er så desse artiklane som eg i hovudsak har lese og tolka basert på eksisterande litteratur om samtida, og som eg har brukt for å skrive historie om korleis og kvifor striden gjekk føre seg.

«skribenten vil forbetre fjøsdrifta for å betre liva til både dyr og gardfolk, men i vegen står djupt forankra overtru»



Per Riste (1846–1930), lærar, gardbrukar og målmann.

har gått framover i Horndalen – det har liksom kome inn frisk luft i bygda på grunn av folkehøgskulen, meiner han. Dei gjer framsteg med opplysning. Vassbotn sluttar gjerne stykka med eit dikt som lovprisar skulegong, læring, framgang og opplysning. Vestmannen trykte i 1888, nokså uvanleg, eit føredrag av Arne Barstad på bokmål. Forklaringa ligg nok allereie i innleiinga – det handlar om «opplysning». Eit menneske må vere allsidig og fordomsfritt, skriv Barstad. Ein må leve opplysinga. Anders Vassbotn slår frampå om at bonden også treng opplysning. Ikkje minst er det naudsynt at jentene får skulegang (Barstad, 1888; «Frå Horndalen», 1888; Vassbotn, 1889b).

Det var på mange måtar den moderne tida som gjorde sitt inntog i bygda med nye tankar om årsaker og

samanhengar som før hadde vore dulde. I 1880-åra kunne det framleis verte svolt om vinteren dersom hausten slo seg vrang, spedalsksjuka og tuberkulose herja framleis på Vestlandet, og kvart år miste mange fiskarbønder livet på sjøen når stormane kom for brått på. Det var mange grunnar til at ungdomen sette sin lit til at vitskapen skulle kunne løyse nokre av problema.

Nokre år seinare skreiv Rasmus Steinsvik ein artikkel om nettopp sjukdom, svolt og daud (Steinsvik, 1894). Det har kome nye serum mot difteri og rabies, fortel han. Utviklinga går framover i medisinen – det gir von. Men om dei berre kunne finne opp noko mot den sjukdom som kjem av svolt og frost, skriv han. I dag kan me kanskje, frå vår distanserte, postmoderne posisjon, smile litt av dei som sette sin lit til at verda ville gå framover, at vitskap og opplysning skulle gjere framsteg mogeleg og at historia hadde ei retning. Men det kan samstundes vere greitt å minne om årsakene til at dei hadde von om noko betre.

Kristendom

Per Riste var kjend som ein av dei fremste talsmennene for opplysning og vitskap. Dessutan var han kjend som ein dyktig og kunnskapsrik lærar. Difor gjorde Vestmannen, kanskje litt ugild, framlegg om at Per Riste burde tilsettast som lærar på den høgre allmugeskulen i Volda. Det hadde vore problem med litt svak søknad til skulen den siste tida, men det ville verte betre med Riste som lærar, meinte den anonyme skribenten i Vestmannen. Men det var motstand mot å gje Riste lærarpost. Han søkte også stilling som skulemeister i Follestaddalen i Ørsta, men vart forbigått av ein yngre, lokal kar. Olai Brudevoll skrei eit olmt brev til Vestmannen. Riste var den klart beste kandidaten, meinte Brudevoll, men «preste-tru» folk hadde laga underskriftsaksjon mot den frilyndte Riste.

Per Riste let seg ikkje temme. I 1888 skreiv han eit stykke om utgravingane i Ninive der han siterte ein



Synnøve Riste (1858–1889), født Aarflot.

*«om dei berre kunne finne opp
noko mot den sjukdom som kjem
av svolt og frost»*

professor som hadde publisert ei bok om funna etter utgravingane. Professoren forklarte at syndfloda berre hadde vore ein flaum i Mesopotamia. Per Riste skreiv at me no lyt fortolke bibelen biletleg, ikkje bokstavleg. Den verda dei visste om den gongen, var ikkje verda, men berre Romarriket, forklarte han. Ein

kan tenkje seg at påstanden om at Bibelen berre må lesast bokstavleg, kan ha provosert meir bokstavtru kristne (P. Riste, 1888).

Ei anna sak som vekke debatt, var spørsmålet om ein ny liturgi på landsmål. Presten hadde i eit innlegg hevda at gudstenesta kom til å verte for lang dersom den nye liturgien på landsmål skulle takast i bruk. Det ville gå ut over andre oppgåver, forklarte han. Dessutan ville det verte langdrygt for dei som skulle høyre på. Riste var ikkje samd, og skreiv eit

innlegg der han argumenterte for ny liturgi på eige språk. Kanskje ville det verte lengre, som presten seier, men «ein held også lenger ut når ein får vere med sjølv», skreiv han. Lengda kan ein bøta på med å skjera ned på preika (R., 1888).

Vestmannen fortalde også frå skulemøter med kraftig debatt om vitskap og læra i skulen. Ved eitt høve skal den lokale læraren ha vorte overmanna av protestane frå ein lekpredikant midt i eit foredrag om helse og sunnleik. Lekpredikanten meinte visst at bøn var einaste botemiddelet mot Guds straffedom, og ville ikkje høyre noko meir av forklaringane til læraren. Då ryktet om det som hadde skjedd på møtet, nådde Vestmannen, skreiv redaktøren eit kvast forsvor for lærarane. Dei måtte gå fyrst i opplysningsarbeidet mot overtru.

Kvinnekamp

Den hardaste striden stod det likevel om kvinna sin posisjon i lokalsamfunnet. Synnøve Riste fortalde i eit brev til venen, teologistudent Anders Hovden, at noko tungt og dystert hadde kome over dei elles så friske og livskåte jentene i bygda. Det var ei puritansk vekking på gang, og jentene skulle ikkje lenger få korkje smile, le eller leike. Alvorlege skulle dei vere. Og for å høyre på predikanten gjekk dei kvinne av huse. Synnøve ville av stad for å høyre på predikanten, skreiv ho. Men det vart lite hugnad. Predikanten peika henne ut der ho sat midt mellom dei andre. Ho måtte sitte der, utan å kunne ta til motmæle, medan predikanten skjemte henne ut. Skriv eit dikt, skreiv ho til venen. Og Anders Hovden skreiv eit langt dikt som fekk stort oppslag i Vestmannen. Det slutta med ei oppmoding til jentene om å ta til vettet og kaste av seg trældomen som knogar dei ned.

Også i spørsmålet om stemmerett gjekk Vestmannen radikalt til verks. Rasmus Steinsvik skreiv hausten 1887 ein artikkel der han freista å forklare kvifor Venstre ikkje hadde gått inn for allmenn stemmerett for både menn og kvinner. Steinsvik prøvde å vise at det

var naudsynt å få gjennom éin ting om gongen. Jon Aasen svarte straks at stemmerett for kvinner ikkje kunne vente til etter at kampen for stemmerett for all menn var fullført ((Steinsvik), 1887; Aasen?), 1887). Steinsvik var nok egentlig heilt samd med Aasen. Og det var, så vidt eg kan sjå, siste gongen Steinsvik freista å sjå slike spørsmål frå perspektivet til Venstre realpolitiske. Vestmannen fjerna seg frå både kyrkje og moderate Venstre. Steinsvik tok ikkje seinare taktiske omsyn for å forsvare Venstre når spørsmål skulle utgreiast.

Kulturpolitisk vart Vestmannen stadig meir radikal og såg samfunnet gjennom auga til dei lengst nede på rangstigen. Ein notis fortalde at ei «gjente på 16 freista å drukne seg i kanalen i Gøteborg». Jenta hadde vorte tvungen ut i prostitusjon og hadde hamna i ulukka. Vestmannen omtalte med forakt dobbeltmoralen i samfunnet som fordømte seksualdrift samstundes som det aksepterte at dei pengerike kunne kjøpe seg sex. Slike jenter var reduserte til «røyr som kristelege brukar til avlaup for raaskapen sin» («Frå samfundslivet», 1889), skreiv Vestmannen.

Det var eit hardt slag for heile kretsen då Synnøve Riste døydde i barselsfeber i 1889. Nekrologane lét etter seg eit tydeleg bilete av Synnøve som den drivande krafta i miljøet. Ho var, som Steinsvik skreiv, «fjøyra som dreiv». Særleg når det gjaldt synet på kvinner og plassen til kvinna i samfunnet, spela ho ei spesielt viktig rolle. Men også i det praktiske arbeidet var ho avgjerande. Skriftene ho etterlét seg, tyder på at det ikkje berre var enkelt å vere ei sterk kvinne midt i ein puritansk reaksjon («Synneve Riste», 1889; «Synneve Riste er død», 1889; Vassbotn, 1889a; Vassbotn, Rotevatn, Heltne, Aasen, & Brudevoll, 1894).

Opplysning og framgang

Desse stridane mellom dei unge radikale og dei «preste-tru» hadde alltid eit maktaspekt ved seg. Vestmannen førte ikkje berre kamp for opplysning, men

*«Den hardaste striden stod
det likevel om kvinna sin posisjon
i lokalsamfunnet»*

også mot dei tradisjonelle autoritetane. Innimellom var kampen for opplysning og striden mot prestetru autoritetar to sider av same sak, slik som eit stykke frå 1887 om skulebarn og pedagogikk. Ein anonym skribent fortel om då han var lærar og presten kom for å høyre borna. Ein liten gut fortalde bibelsoga, og kom til å seie at «Jesabel var kjerringi aat Ahab». Då vart presten harm – slikt språk får ein ikkje bruke om Gud, skjente han. Lærarsveinen kjente seg ille til mote, men måtte berre bite det i seg, og guten miste heilt lysta til å snakke (Vestlandsposten?, 1887). Det var ikkje berre kvinna som vart knua til trældom av det strenge blikket til prest og prestetru, men også skuleborn, meinte *Vestmannen*. Den autoritære puggeskulen stod i skarp kontrast til opplysningsidealet for læring der leik og utfalding var naudsynt for at borna skulle slå ut i full blom.

På lærarmøtet i Volda prosti i 1889 kom det til skarp diskusjon om både pedagogikk og målsak («Målsaka og vantru», 1889). Fedraheimen fortalde at

nokre lærarar meinte at skuleborna nærast var som smådjevlar å rekne, smådjevlar som måtte temjast og tukkast. Stykket er polemisk i stilen og kan ikkje utan vidare reknast som ein rettvis representasjon av motstandaren sitt argument. Men stykket gir oss i alle fall eit innblikk i bondeanarkistane sitt syn på korleis læring og skulegang burde gå føre seg i eit fritt samfunn som lét den barnlege kreativiteten bløme. Slik sett er desse stykka tidlege døme på framveksten av ein anarkistisk pedagogikk (må ikkje forvekslast med fri læring eller fri oppseding) som seinare fekk norske talspersonar som Kristofer Hansteen, og ei rad europeiske og amerikanske variantar (Hansteen, 1900; Haworth, 2012).

Eit siste aspekt av striden skal også nemnast: Dei seksuelle undertonane i skildringa av dei karismatiske lekpredikantane. Allereie Synnøve Riste skreiv i brevet til Anders Hovden at lekpredikanten ikkje hadde problem på jentefronten. Dei unge jentene sverma rundt han. Anders Vassbotn tok argumentet

eit steg vidare i ei litterær reiseskildring trykt i 1890. Han er komen nesten heilt heim då han får auge på lekpredikant Bø som står mellom nokre kvinner. Bø er på turne fram på Rotevatn og ned i Vassbotn. Ei av kvinnene har smerter i bringa, og lekpredikanten, med bibelord på leppene, legg varleg øyret sitt inn til bringa hennar. Slik blir dei ståande eit bel, medan Vassbotn bestemmer seg for å gå vidare. Synet av predikanten som legg øyret på bringa til kvinna, vert hengande i lufta som ein metafor på alt som er gale med den puritanske vekkinga: Smerter i brystet som burde ha vore handsama av ein lækjar, ikkje ein lekpredikant. Preike og bøn som middel til å forføre. Den puritanske vekkinga som ei utløyning av djupe lengsler med seksuelle undertonar (Bjørn Botnen (Anders Vassbotn), 1890).

Anti-autoritær kollektivism

Det er av fleire årsaker naudsynt å bruke litt tid på å freiste å sirkle inn radikalismen som vaks fram i avismiljøet i Volda

og andre liknande stader på denne tida. Det finst ein del litteratur om nynorskavisene, Garborg, Steinsvik og bonderadikalismen på slutten av 1800-talet. Mesteparten er enten ramma inn av historia om framveksten av eit nynorsk skriftspråk, ein norsk litteratur eller norsk nasjonalisme og sjølvstende frå Sverige. I desse perspektiva vert inspirasjonen frå frilyndte kommunistar som Kropotkin, Tolstoj, Parsons osv. som kuriosa å rekne, ei avsporing på vegen mot forteljninga om Noreg, nordmenn og eit norsk språk. Dermed har det vorte lagt mindre vekt på analysen av kva rolle avisa spela i arbeidet med å tenkje gjennom stridsspørsmåla og endringsprosessane i tida. Også i den andre store tradisjonen av norsk historie frå slutten av 1800-talet og utover fell viktige aspekt ved bonderadikalismen utanfor ramma. Mykje god historie er skriven om småbøndene som vart industriarbeidarar og var med på å bygge opp fagrørslar og arbeidarparti. Men også her har den frilyndte bondekommunismen ein tendens til å falle utanfor rammene for forteljninga som gjerne strøymer forbi den

«Det var ikkje berre kvinna som vart knua til trældom av det strenge blikket til prest og prestetru»



Arne Garborg, som malt av Eilif Peterssen i 1894. Garborg var også ein bondeanarkist, med sin djupe og filosofiske politisk tenking.

russiske revolusjon, Moskva-tesane, Tranmæl, Gerhardsen og sosialdemokratiet. Marxistisk-inspirerte historikarar kan fort kome til å oversjå antikapitalisme, som ikkje høver inn i den marxistiske eller leninistiske framstillinga av klassekamp og kapital.

Av dei norske bondeanarkistane var det utan særleg tvil Arne Garborg som kom djupast i filosofisk og politisk tenking. For Garborg var det nettopp dette tvisynet som skilte han frå dei som kalla seg «vitskaplege sosialistar», og som meinte dei hadde greie på dei grunnleggande drivkreftene i samfunnet. På den eine sida var Garborg, som Émile Zola, naturalist. Han meinte at det var naudsynt å strekke seg nådelaut etter sanning, men i motsetnad til Zola trudde ikkje Garborg at det var råd å vere objektiv. Det var uråd å sjå verda utan ein subjektiv posisjon. Tvisynet kom

*«den pietistiske rørsla forvandla
dei unge kvinnene til stille, alvorlege
og sarte vesen»*

også til synes noko seinare då han skreiv at han las Nietzsche og Tolstoj på same tid. Noko motviljug måtte han vedgå at han stort sett heldt med Nietzsche.

Poenget her er å drage opp nokre grensegangar mellom den norske anarko-kommunismen som vaks fram i Vestmannen, og marxismen. Steinsvik, Garborg og dei andre var nok inspirerte av Marx og den politiske økonomien, men kunne ikkje godta framstillinga av klassekampen som fundamental drivkraft, slik som vitskaplege sosialistar hadde framstilt det. Det kollektive aspektet måtte sjåast på som ein halvpart av heilskapen der fridom alltid måtte vere den andre. Samstundes er det viktig å avgrense mot individualismen til dei litterære bohemanane og individualistiske kapitalistar nettopp fordi bondeanarkistane søkte kollektive løysingar.

Nettopp difor kan me finne ei rad artiklar der Vestmannen, Fedraheimen og Den 17de Mai bed bøndene om å lære av arbeidarane. I tillegg trykker dei gjerne Karl Marx' eigen analyse av bondestanden i revolusjon og reaksjon («Arbeidar og bonde», 1889; Marx, 1894). Solidariteten med arbeidarrøsla gjekk både til streikande norske kvinner på fyrstikkfabrikkane eller Seglduksfabrikken og til dei dødsdømde fagforeiningsleiarane i Chicago. Avrettinga av anarkistane i Chicago gjorde inntrykk og var nok også medverkande årsak til at Vestmannen vart stadig meir radikal (Parsons, 1891; «Sosialistane gjorde uppstyr burt i Amerika no når dessa anarkistane vart drepne», 1887; Spies, 1890; Steinsvik?, 1894). Dei siste månadene av levetida til avisa stod det på fyrste side i Vestmannen: «Anarko-kommunistisk organ».

Også mot Tolstoj og det «idylliske bondesamfunn» lyt me gjere nokre avgrensingar (Langen, 1957). Det var ikkje berre idyll i Volda i slutten av 1880-åra. Rasmus Steinsvik skreiv i 1889 ein detaljert gjennomgang av slektskap og maktrelasjonar i grenda, der han sette eit skarpt søkelys på bondehovdingane. Alliansen med bondehovdingane hadde vore naudsynt i stri-

den mot embetsmennene, hevda han, men no var det på tide å ta striden mot høvdingane (Steinsvik, 1889). Det vil likevel vere feil å antyde at inspirasjonen fyrst og fremst kom utanfrå. Kunnskap om Nietzsche, Tolstoj, Kropotkin, Parsons osv. kom gradvis og litt etter litt. Mange av dei tekstane som eg her har referert til, er skrivne etter at striden i Volda var på det hardaste. Dei er mest av alt interessante fordi dei syner kva slags forfattarar og tekstar bondeungdomen festa seg ved i leitinga etter svar på dei mange spørsmåla som samtida deira stilte. Gjennom Fedraheimen kom dei i kontakt med eit stort nettverk av radikale arbeidarlad og tidsskrift. Spaltene byrja snart å få artiklar frå arbeidaraviser i England, Tyskland, Italia og USA. Her var perspektiva nye og friske, sakene snudde heilt om, slik som i sakene om europeisk imperialisme i Afrika. Brått var det ikkje europearane som var heltane.

Likevel må dei sterkaste og utløyssande kreftene i radikaliseringsprosessen ha kome innanfrå. Det var til dømes lite om posisjonen til kvinner å hente frå dei internasjonale blada, dersom ein skal bygge på det utvalet som Vestmannen trykte. Derimot var det ein lang lokal tradisjon for relativt stort sjølvstende og aktiv deltaking for kvinnene. Dei unge kvinnene kunne til dømes bu fleire veker og månader på setrene som budeier. Det gav dei ei viss form for sjølvstende, slik fleire bøker om livet på setrene har synt (Hustadnes, 2005, 2007). Bøker frå den tida syner også ein god del foto som fortel om aktive kvinner som gjekk på ski, klatra i fjellet og deltok saman med menn i arbeid på gardane. I lange periodar medan mennene måtte reise på fiske, var det kvinnene som sytte for gardane åleine heime. Kvinnene hadde lært seg å greie det meste, enten det no gjaldt arbeid på garden, i fjellet eller i leik. Difor var det at Synnøve Riste vart vonbrotten då ho såg at den pietistiske rørsla forvandla dei unge kvinnene til stille, alvorlege og sarte vesen.

Også andre lokale tradisjonar peikar framover til den kollektivistiske retninga som ungdomsopprøret i Volda fekk i 1880-åra. Gardbrukarane hadde til dømes ein lang tradisjon for å gå saman i dognad, samnøyte, som dei kalla det, for å hjelpe kvarandre



Rasmus Steinsvik (1863–1913), redaktør og forfattar. Fotokjemisk postkort, fotograf: Gustav Borgen (Christiania). Eier: Nasjonalbiblioteket.

når det trongst. Og gjennom arbeidet med skuledrifta hadde mange i bygda lært samarbeid og organisering av komplekse prosjekt. Slik drog særleg sanitetskvinnene seinare i gang arbeidet med å få til eit sjukehus og ei rad andre tiltak.

Men opprøret var ikkje anti-kristendom

Det synest klart at Rasmus Steinsvik vart ateist og heldt fram med å vere det resten av livet sitt, men han var ikkje meir anti-kristeleg enn at han gifta seg med Martha, som vart den fyrste norske kvinna som heldt preike i ei kyrkje. Arne Garborg var også ateist, men skreiv så godt og djupt om etiske spørsmål, til dømes i *Jesus Messias*, at han offentleg måtte nekte for at han hadde vorte kristen. Anders Hovden studerte teologi og vart prest, men skreiv likevel vakre, erotiske dikt. Ivar Mortensson-Egnund, redaktør av Fedraheimen og ein god ven av Garborg og Steinsvik, hadde også studert teologi. Anders Vassbotn skreiv

songen «Å leva det er å elska», som slutta med linja «å spegla ein himmel av». Men då han fekk spørsmål om å trykke songen i den nye salmeboka, med justeringa «spegla Guds himmel av», var han ikkje verre på det enn at han takka ja.

På denne bakgrunnen kan ein knapt seie at opprøret var anti-kristent. Tvert imot fann alle desse stor inspirasjon i kristen etikk, om ikkje i den forma som kyrkja forkynte. Jesus var eit slags etisk ideal, også for dei som ikkje var kristne.

Det kan igjen vere naturleg å samanlikne med Tolstoj. Han stod for ein kristendom utan kyrkje, inspirert av Jesus, men utan presteskap. Det høyrest kanskje underleg ut, men kristne anarkistar har ein lang tradisjon innanfor den anarkistiske rørsle. Her i Noreg var det Kristofer Janson og hans unitariske kyrkje som kanskje stod nærast Tolstoj i å forkynde ei kristen lære utan presteskap. Ikkje uventa fekk Janson brei dekning i avisa Den 17 de Mai, redigert av Steinsvik og Garborg, då han kom heim att frå USA i 1890-åra.

Korleis gjekk det?

Vestmannen var misnøgd med stortingsmann Aarflot, og sette i gang ein kampanje mot attval. Det var kanskje ikkje noko sjakktrekk. Stortingsmann Aarflot var onkel til Synnøve og eigar av trykkeriet på Ekset, men Vestmannen meinte at dei gamle kreftene i Venstre hadde svikta. Det heile enda med at avisa vart kasta ut av trykkeriet. På kort sikt løyste dei problemet då Gjørder bygde eit nytt, men striden hadde kosta abonnentar og stønad. Dessutan hadde kristne i Volda starta eit eige blad i konkurranse med Vestmannen. Kritisk vart det då Synnøve vart gravid. Det var ikkje mannen Per som var barnefaren, syntet seg, men Rasmus Steinsvik. Som ein kan tenkje seg, så vart ikkje venskapen mellom Per og Rasmus heilt det same etterpå, og då Rasmus Steinsvik fekk brev frå Ivar Mortensson-Egnund med spørsmål om han ville ta over Fedraheimen, tok han like godt med seg trykkeriet,

trykkaren Gjørder og kona hans og reiste til Tynset det Fedraheimen heldt til.

Nokre månader seinare kom meldinga om at Synnøve var død i barselsfeber. No kunne det sjå ut til at alt var tapt. Synnøve var død, Rasmus sat på Tynset og Per og Rasmus veksla hatske brev. Likevel vert det for enkelt å slutte her, for målskulen gjekk vidare. Per Riste heldt fram med undervisning i Ristegarden på Rotset, i fyrste omgang saman med Anders Hovden. Gradvis vart også prestane omvende til målsaka. Anders Vassbotn og Ola Rotevatn vart vyrde karar i bygda etter å ha reist omkring i landet og verda – begge vart valde til ordførar. Anders Vassbotn vart også stortingsmann for Venstre gjennom mange periodar. Rasmus Steinsvik lukkast ikkje med å halde liv i Fedraheimen, men greidde seinare å bygge opp Den 17de Mai til å verte den fyr-

ste store riksdekkande avisa på landsmål. På sett og vis var det mildare og meir diplomatiske utgåver av dei opprørske bondeanarkistane som tok plass som akta redaktør i Oslo og ordførarar i Volda, men det er fort gjort å oversjå kor mange av ideane dei kjempa for, som slo igjennom i lokalsamfunnet. Det gjaldt ikkje berre i målsaka, men også skulesak, kampen for stemmerett for alle og sjølvstende frå unionen med Sverige.

På mange måtar var striden rundt bondeanarkistane i Vestmannen med på å forme bygda for framtida. I stor grad slo tankane i Vestmannen gjennom i lokalsamfunnet, sjølv om det tok tid.

Konklusjon

Eg har ein mistanke om mange slike historier er med på å forme forståingshorisonten vår når me i dag møter og diskuterer samtidige spørsmål knytte til fridom versus religiøse innskrenkingar av fridom. Då eg vaks opp i Volda, var det ikkje lov til å danse på fest på ungdomsskulen, og kommunestyret diskuterte eit framlegg om å forby sal av surmjølk fordi surmjølk inneheld litt alkohol.

«Kritisk vart det då Synnøve vart gravid»

Det finst sikkert mange som kan relatere dei personlege historiene sine til kampen for individuell friedom mot religiøse påbod. Den samla kollektive førestillinga vår om frigjerung inkluderer forteljingar om komikarar som parodierer prestar, om Agnar Mykle, Jens Bjerneboe, Friele, Beranek osv. Dei er alle ein del av vår sosialt konstruerte horisont for å forstå framveksten av ytringsfriedom i Noreg.

Vestmannen er berre ein liten av mange slike episodar, men eg trur likevel at han fortel noko som er verdt å ta med seg. Eg trur det er særleg tre årsaker til at utfallet av striden rundt Vestmannen trass alt vart eit positivt bidrag til nytenking og re-orientering i lokalsamfunnet.

For det fyrste slår det meg kor inkluderande Vestmannen var. Her fekk alle sleppe til, også dei som ville kritisere redaktøren. Vest-

mannen var ofte saftig og spøkefull i stilen, med retorisk snert, på alle måtar «moderne», men samstundes alltid vyrdsam i språk med omtanke i stil og form. På alle måtar minner argumentasjonsmåten i Vestmannen om dei råda Arne Næss seinare gav for å dyrke fram ein god offentleg debatt. Det var nettopp inkludering av motstandaren i debatten som la grunnlaget for at den kollektive refleksjonen kunne munne ut i produktive resultat.

For det andre var avisa samstundes eit auge ut til verda. Redaktøren og skribentane var så nyfikne på nye forklaringar, synsmåtar og perspektiv at dei søkte seg ut i verda. Slik vart avisa eit ting for kollektiv refleksjon, ein stad der endogene prosessar møtte eksogene, og forklaringar og perspektiv utanfrå kunne bryne seg på indre erfaringar. Heilt avgjerande i denne kollektive tenkjeprosessen var det som filosofen Roy Bhaskar legg vekt på: Det går føre seg ein permanent interaksjon mellom den sosiale verda og naturen som omgir oss og som me er ein del av. Denne interaksjonen medverkar til å forme og skape diskursane våre. Særleg fekk vitskap med ny

innsikt om sjukdom, elektrisitet, fjøsstell osv. mykje å seie for diskusjonen. Det var også startpunktet for at den ordrette tolkinga av Bibelen vart utfordra, og dermed også kyrkja si makt. Vestmannen er eit døme på korleis global kommunikasjon med post, telegraf, nettverk av aviser osv. medverka til å skape endringsprosessar lokalt.

For det tredje trur eg det var avgjerande at Vestmannen ikkje gjekk inn for motstand (resistance), men *resilience*. Eg brukar her det engelske omgrepet for å knyte meg til ny litteratur om sosial resilience, om korleis sosiale fellesskap gjennom sjølvorganisering og autonom læring kan finne nye løysingar når kriser råker. Den grunnleggande årsaka til striden låg i den omfattande krisestemminga som fylgde med det store hamskiftet. Den pietistiske reaksjonen må reknast som ein slags

motstand mot endringane som trengde seg på. Men Vestmannen ville ikkje bevare det som hadde vore. Vestmannen ville overvinne, skape noko nytt. Dermed vart avisa ein stad for kollektiv autonom læring – for re-konstruksjon av den førestilte fellesskapen i Volda.

Litteratur

- (1887). Vinteren er aa segja komen. *Vestmannen*, p. 2. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/3/zoomed>.
- (1889). Arbeidar og bonde. *Fedraheimen*, 13 (14), 56.
- (1889). Målsaka og vantru. *Fedraheimen*, 13 (18), 71.
- (1889). Nyt offer. *Fedraheimen*, 13 (29), 114.
- (1887, 02.11.). I herradstyrelsesmøtet no måndag var spørsmålet um den høgre almugeskulen framme igjen. *Vestmannen*, p. 2. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/5/zoomed>.
- (1887, 02.11.). Sosialistane gjorde uppstyr burt i Amerika no når dessa anarkistane vart drep-

*«kommunestyret diskuterte
eit framlegg om å forby sal av sur-
mjølk fordi surmjølk inneheld
litt alkohol»*

- ne. *Vestmannen*, p. 3. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/5/zoomed>.
- (1887, 07.12.). Ein læresvein fraa maalskulen på Rotset. *Vestmannen*, p. 2. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/15/zoomed>.
- (1887, 21.12.). Um skulemeisterinnsetjingi. *Vestmannen*, p. 1. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/18/zoomed>.
- (1888, 15.02.). Nokre ord om opplysning. *Vestmannen*. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/33/zoomed>.
- (1889). Frå samfundslivet *Fedraheimen*, 13(50), 199.
- (1889). Synneve Riste er død. *Fedraheimen*, 13 (44), 175.
- (1889). Synneve Riste. *Fedraheimen*, 13 (45), 177.
- Aasen, N.J. (1887, 16.11.). Lat kvinna få røysterecht. *Vestmannen*, p. 2. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/9/zoomed>.
- Barsky, R.F. (1997). *Noam Chomsky: a life of dissent*. Cambridge, Mass: MIT Press.
- Barstad, A. (1888, 08.02.). Om folkeoplysningen (innledningsforedrag holdt i «Laget Ungdom»). *Vestmannen*. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/30/zoomed>.
- Botnen, Bjørn (Anders Vassbotn) (1890). Vekkjelseliv (frå ei sunnmørsbygd). *Fedraheimen*, 14(8), 31.
- Botnen, N. (1889). Folkehøgskulen i Seljord. *Fedraheimen*, 13(15), 58.
- Brudevoll, O. (1887, 30.11.). Lærarposten i Folstaddalen. *Vestmannen*, p. 2. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/13/zoomed>.
- Douzinas, C., Žižek, S., Badiou, A., Balibar, E., Bosteels, B., & Buck-Morss, S. (2013). *The Idea of Communism*: Verso.
- Frå Horndalen. (1888, 01.02.). *Vestmannen*. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/28/zoomed>.
- Gausemel, S. (1937). *Rasmus Steinsvik*. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Grepstad, O. (2006). *Viljen til språk: ei nynorsk kulturhistorie*. Oslo: Samlaget.
- Hansteen, K. (1900). *Unnervisning uten dogmer*. Kristiania.
- Haworth, R.H. (2012). *Anarchist Pedagogies*. Oakland: PM Press.
- Hustadnes, V. (2005). *Sæterliv i Voldafjell : [1]: Sætrar langs Austefjorden frå Fylsvik til Volda*. Austefjorden: Valborg Hustadnes.
- Hustadnes, V. (2007). *Sæterliv i Voldafjell : 2 : Sætrar i Bjørkedalen - Folkestad - Dalsfjorden*. Austefjorden: Valborg Hustadnes.
- Høydal, R. (1995). *Det kulturradikale trugsmålet – eit tildriv til etableringa av Voldens Privatseminarium. Volda Lærarskule 1895–1995*. Volda
- Krokvik, J. (1987). P.M. Gjærder (1862–1940). *Tidsskrift for Vanylven sogelag*.
- Kropotkin, P.A.k. (2007). *The Conquest of Bread*.
- Langen, K. (1957). *Ivar Mortensson Egnund*. Oslo: Samlaget.
- Marx, K. (1894). Napoleon og småbonden. *Den 17de Mai*, 1 (11), 3.
- Messer-Kruse, T. (2011). *The trial of the Haymarket anarchists: terrorism and justice in the Gilded Age*. New York: Palgrave Macmillan.
- Parsons. (1891). Parsons arbeidarsong. *Fedraheimen*, 15(4), 13.
- R., P. (1888, 08.02.). Den nye liturgia. *Vestmannen*. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/30/zoomed>.
- Risnes, B. (1985). *Olaus J. Fjørtoft : biografi og tekstar*. Oslo: Samlaget.
- Riste, O. (1970). Rotset. In P. Aarviknes (Ed.), *Volda-soga : gardar og slekter : 1*. Volda: Volda bygdeboknemnd.

- Riste, P. (1888, 01.02.). Syndeflodi. *Vestmannen*. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/30/zoomed>.
- Spies, A. (1890). Or forsvarstalen til August Spies. *Fedraheimen*, 14(6), 24.
- Steinsvik, R. (1889). Bygdearistokrati. *Fedraheimen*, 13 (15), 58.
- Steinsvik, R. (1889). Eit offer. *Fedraheimen*, 13 (39), 156.
- Steinsvik, R. (1894). Nye voner. *Den 17de Mai*, 1 (127), 1.
- Steinsvik, R. (1894, 11.01.). 1. mai. *Den 17de Mai*, 1, 1.
- Steinsvik, R. S. (1887, 02.11.). Aalmenn Røystere. *Vestmannen*, p. 4. Henta frå <http://sedak.ikamr.no/2012/sed0012-aasentunet/sed0012016/01/#/4/zoomed>.
- Thesen, R. (1933). *Arne Garborg*. Oslo: Aschehoug.
- Uppdal, K. (1990). Røysingfolket: Sjugur Rambern og bøndene. *Dansen gjennom skuggeheimen / Kristofer Uppdal (Vol. [8])*. Oslo: Aschehoug.
- Vassbotn, A. (1889a). Ein lauvdusk paa gravi aat ei framstigskvinna. *Fedraheimen*, 13(46), 183.
- Vassbotn, A. (1889b). Horndalens Folkehøgskule. *Fedraheimen*, 13(39), 156.
- Vassbotn, A., Rotevatn, O., Heltne, L., Aasen, J., & Brudevoll, O. (1894, 10.05.). Synnøve Riste. *Den 17de Mai*, 1, 1.
- Øyehaug, I.R. (1995). *Synnøve Riste: «Fjøyra som dreiv»: målstrid og kulturkamp i 1880-åra*. Ålesund: Sunnmøre museum.